



LEIF TORE NEDREVÅG  
SEIMSHAGEN 26

5472 SEIMSF OSS

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Anne Rita Eriksen	926 46 329	2021/2599-12		29.12.2021

## Vedkjem - 91/127 - Naust - Seimsfoss - Leif Tore Nedrevåg

Viser til tidlegare korrespondanse i denne saka.

Kommuneplan frå 2018 (KPA) seier m.a:

**3.9.2.** Naust i nye byggeområde skal vere inntil 40 m<sup>2</sup> BRA, med ein etasje og ei mønehøgde på maks 5,0 meter frå naustgolv (jf. pbl. § 11-9 nr. 5 og 6).

**3.9.3.** Naust innan eksisterande naustmiljø skal kunne tilpassast dette når det er naudsynt av estetiske grunnar. I naustmiljø med mindre naust, må nausta tilpassast til dei næraste nausta. Der dei næraste nausta er større, kan det opnast for eit avvik i storleik og høgde inntil 20 % (av 40 m<sup>2</sup> BRA og 5 m høgde) (jf. pbl. § 11-9 nr. 5 og 6).

Dersom ein skal kunne nytte seg av den utvidinga av storleik som punkt 3.9.3 vil kunne tillate, må samla BRA ikkje vere større enn 48 m<sup>2</sup>. Du må såleis sjå på teikningane dine og redusere grunnflata for å halde deg innanfor dei rammene kommuneplanen set for storleik på naust.

Vi kunne ikkje sjå at fullstendige mål på vindauga (bredde og høgde) var kome med på reviderte teikningar. Samla vindaugsflate bør ikkje overstige 3 % av samla veggarealet. Vi ber om at teikningar du sender inn er i pdf format.

Med helsing

Anne Rita Eriksen  
Fagkoordinator byggesak

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*